



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 6. juni 2019  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 4/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem, <i>gjekk etter sak 26/19 pkt. 2</i>
Bodil Nesse	Medlem <b>NB. Ord for dagen</b>
Gunvald Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sindre Aarbø	Medlem
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem



**Sakliste:**

**Saksnr. Tittel**

**Sak for kommunal  
representant**

S-21/19	Soknerådsvalet, endring av lista	
S-22/19	Gudstenesteliste for 2. halvår	
S-23/19	Offerliste for 2. halvår	
S-24/19	Referat frå sist møte	
S-25/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-26/19	Meldingssaker	
S-27/19	Open post	

**S-26/19 pkt. 2 vert behandla før S-25/19 i møte.**

**S-Sak 21/19: Soknerådsvalet, endring av lista**

**Framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni 2019:**

Etter førre møte har det og komme fram at det er ynskje om å føreta nokre endringar i rekkefølga på lista. Endringane har vore drøfta i AU og vart lagt fram i møte. Ein har hittil ikkje lukkast i få fleire kandidatar så framleis er det berre 12 namn på lista.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet ynskjer å få fram dei yngste på lista og lytta til dei ynskjer som har kome fram frå dei som har vore viljuge å stilla opp for val. Dermed vert lista for soknerådsvalet 2019 følgjande:

1. Sigrid Marie Fangel
2. Tom Rydland
3. Anne Marie Røed
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Hilda Gloppen
6. Herman Inge Aadland
7. Jostein Skram
8. Magnor Tverderøy
9. Karin Maria Korsvik
10. Svein Lunde
11. Wenche Andersen Helland
12. Åse Rygg Nøttveit
13. -----

Lista må leggjast inn i valmodulen innan 10. juni 2019.

**S-Sak 22/19: Gudstenesteliste for 2. halvår**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner gudstenestelista for 2. halvår 2019 slik den ligg føre.

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni:**

Soknepresten la fram gudstenesteliste for 2. halvår 2019 og bad om tilbakemelding frå soknerådet.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet godkjenner gudstenestelista for 2. halvår 2019 med retting av at gudstenesta søndag 18.08.2019 ikkje vert i kyrkja, men på kaien ved Larsen.



### **S-Sak 23/19: Offerliste for 2. halvår**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner offerlista for 2. halvår 2019 slik den ligg føre.

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni 2019:**

Soknepresten la fram offerliste for 2. halvår 2019 og bad om tilbakemelding frå soknerådet. Det vart fremja ynskje om å ofra til «Korsveien» ein søndag til hausten.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet godkjenner offerlista for 2. halvår 2019 slik den ligg føre med tillegg om offer til «Korsveien» søndag 15.12.2019.

### **S-Sak 24/19: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 2. mai 2019.

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni 2019:**

Referatet frå møte den 2. mai vart etter møtet sendt til medlemmane for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

### **S-Sak 25/19: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni 2019:**

Arrangement som er gjennomført:

- Siste temakveld var svært bra.

Arrangement som skal gjennomførast:

Ingen vart nemnd.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

### **S-Sak 26/19: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fitjar sokneråd 6. juni 2019:**

I møtet vert det orientert om desse sakene:

1. Sommardrift på kyrkjegarden v/kyrkjeverje  
God dekning av sommarvikarar. Ein av vikarane har sidan mai månad starta vikariatet.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Fitjar sokn

2. Prosjekt for ungdom og diakoni, status for arbeidet v/soknerådleiar  
Ho stilte spørsmål om soknerådet har tenkt gjennom kvifor ein ynskjer å satsa på arbeid blant born og unge. Dette blei drøfta mellom medlemmane. Døme på svar var at born og unge må få kjenna tilhøyring til kyrkja, viktig med kristendomsundervisning sidan det vert mindre av det i skulen, rekruttering gjennom dåp, ynskje om at fleire konfirmerer seg, gje gode verdiar og kristen livsførsel, la dei bli kjent med Jesus. I tillegg ynskjer ein å sjå alle både unge og eldre. Korleis når vi dei? Forslag om å nytta pensjonerte prestar til besøksteneste blant eldre, gje både unge og eldre ei oppgåve, ope tilbod til alle barnehagar i kommunen til påskevandring og liknande., tilsette ein «eitt-åring». Einige om at AU arbeidar vidare med problemstillingane.
3. Ferieavvikling, sommaren 2019 v/kyrkjevevjerje  
Soknepresten tek tidleg ferie i 6 veker, kyrkjelydspedagogen tek ferie i skulefri, medan organist og kyrkjevevjerje tek ferie innimellom, men slik at det er ein tilstades gjennom heile sommaren.
4. Revisjon av rekneskapet for 2018 v/kyrkjevevjerje  
Vil verta lagt fram for godkjenning i fyrste møte til hausten.
5. Prosjekt på kyrkjegarden, status og framdrift v/kyrkjevevjerje  
Arbeidet er utsett til hausten, då ein ennå ikkje har fått avklaring med antikvaren. Anbudsrunde først til hausten.
6. Vegarbeidet på utsida av kyrkja v/kyrkjevevjerje  
Det vert store nivåforskjellar mellom køyrebane og fortau. Har vert teke opp med arbeiderane og vegvesen, men det er viktig å møta opp tysdag då arbeidet vert sett i gong igjen etter pinsehelga.

### **Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

### **S-Sak 27/19: Open post**

#### Ten Treff v/ soknerådsleiar Sigrid M. Fangel

Det har vore styremøte for Ten Treff kor både indremisjon og kyrkja var representert, Dei ynskjer ein person frå soknerådet med i styret. Det kom eit forslag på ein person som soknerådet var einig om å spørja.

Styret har søkt soknerådet om økonomisk støtte til nettbrett og grillmat for til saman kr. 3000. Det var einighet i soknerådet å gje dei kr. 4000 då dei gjer eit viktig arbeid blant dei unge.

#### Sogelaget v/Rasmus Fitjar

Sogelaget skal selja heftet «Fitjarminne» i ein bod på Fitjarfestivalen. Dei ber om kyrkja kan vera med å hjelpa til med seljarar ved å kombinera dette med sal av Fitjar kyrkje si jubileumbok.

Sogelaget ynskjer å ta vare på koleragravplassen og ynskjer eit samarbeid med kyrkja om å slå graset der. Kyrkjegardansvarleg Kristian Skumsnes er positiv til å nytta sumarvikarar til dette arbeidet.

#### Vennestemne v/ sokneprest Roald Drønen

Soknepresten var saman med indremisjonssamskipnaden om å halda møte på Stranda Kristi himmelfartsdag. Han har teke kontakt med IMS om ein burde gjort nokre endringar ved seinare stemner, til døme eventuelt

- laga noko større for å få med born først og så møte for eldre etterpå
- utedag
- gjera noko for å få fleire med på eit slikt arrangement

#### Misjonsprosjektet i Mali v/ soknerådleiar Sigrid Fangel

Helga Rimmereid, leiar i styret for misjonsprosjektet i Mali, ynskjer eit møte med sokneprest Roald Drønen, kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre og soknerådleiar Sigrid Fangel.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....